

# HANDLINGSPROGRAM - Fornye og forbetre – Auka gjennomføring 2021-2025

## 1. Arbeidsform

### **Profesjonsfellesskap**

*Skulen skal vere eit profesjonsfagleg fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar praksisen sin (Overordna del, 2017).*

Det viktigaste arbeidet for å auke gjennomføringa er det arbeidet som profesjonsfellesskapet ved den einkilde skule og lærebedrift gjer. Eit profesjonsfellesskap bygd på god dialog, involvering og oppfølging både internt og mellom dei ulike nivå i sektoren, er grunnlaget for å utvikle, fornye og forbetre elevane og lærlingane sitt skule- og arbeidsmiljø.

### **Implementeringskvalitet**

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse legg vekt på implementeringskvalitet i arbeidet med dei ulike tiltaksområda i handlingsprogrammet. Å implementere tiltak inneber å realisere vedtekne tiltak slik at dei blir forankra i verksemda og gir varig effekt.

## 2. Tiltak

**Alle** i laget rundt elevane og lærlingane handhevar aktivitetsplikta for å sikre eit trygt og godt skule- og arbeidsmiljø som er helsefremjande og inkluderande.

Mål	Strategiar	Tiltaksområde	Prosess for å fornye og forbetre
<b>Mål 1</b> Elevar og læringar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø	1.1. Alle elevar og læringar er og kjenner seg likeverdige, blir sett og har reell medverknad 1.2. Tillit, respekt og krav er grunnmuren i læringsmiljøet 1.3. Fleksible og differensierte opplærings- og undervisningsordningar kvalifiserer fleire  2.1. Elevane og lærlingane har gode læringsvilkår og utviklar evnene sine 2.2. Elevane og lærlingane får nødvendig støtte hjå kompetente vaksne	Relasjonsbygging  God leing av læringsarbeid  Elevmedverknad Variasjon i undervisninga	Alle i laget rundt elevane og lærlingane drøftar kva verdiar og prinsipp som skal ligge til grunn for å sikre eit trygt og inkluderande miljø.  Profesjonsfellesskapet fornyar og forbetrar prinsipp for leing av læring som fremjar lærelyst og læringsutbytte.  Profesjonsfellesskapet samarbeider med elevane om å fornye og forbetre elevaktive undervisnings- og vurderingsformer som skaper meistring, variasjon og trivsel i læringsarbeidet.
<b>Mål 2</b> Eit godt samansett lag utviklar eleven, lærlingen og skulen			Fleksible og differensierte opplærings- og undervisningsordningar  Gode overgangar - for tryggleik og rette val
<b>Mål 3</b> Vidaregåande opplæring har god samanheng med grunnskule og er heilskapleg, fram til arbeidsliv eller høgare utdanning	3.1. Elevane og lærlingar har samanheng og tryggleik i alle overgangar 3.2. Skule og lærebedrift er likeverdige og gjensidige læringsarenaer		

<sup>1</sup> Utarbeidd, men ikkje vedteken

<p><b>Mål 4</b> Vidaregåande opplæring er ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeidsliv</p>	<p>4.1. Dei vidaregåande skulane er eit fagleg og sosialt utviklingsmiljø som gir idear rom til å vekse 4.2 Dei vidaregåande skulane medverkar til levande lokalsamfunn og sentrumsområde</p>	<p>Skulen sine omgjevnadar blir brukt både som kunnskapskjelde og læringsarena</p>	<p>Samarbeid mellom skule og nærings-, arbeids- og samfunnsliv slik at elevane og lærlingane får utfolde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.</p>
---	---	--	--